

**E&M Holding får likevel byggja på ein ekstra etasje og saltak på bygget som ligg like ved det gamle samyrkelagsbygget i Uskedalen. Det har fylkesmannen bestemt etter å ha sagt nei til klagen frå Elin Enes, som eig naboeigedommen. Alf Eidsvik jr. seier til Kvinnheringen at dei vil starta opp arbeidet snarast mogleg. Påbygget får ei grunnflate på 70 kvadratmeter og mønehøgda aukar frå tre til 7,4 meter.**

I januar sa forvaltningskomiteen ja til prosjektet, men Enes klaga vedtaket inn for fylkesmannen. Ho meinte at vedtaket ville føra til ei bruksmessig avgrensing av eigedommen hennar hvis E&M Holding fekk lov til å byggja nærare nabogrensa enn det regelverket opnar for. Men fylkesmannen seier at påstanden om at prosjektet vil gjera det vanskeleg for ei framtidig utnytting av eigedommen hennar til hytteutleige ikkje kan vera avgjerande i denne saka. Fylkesmannen kan uansett ikkje sjå at klagaren kunne forventa at naboeigedommen skulle bli ståande med uforandra bygningsmasse i all tid.

Det omsøkte påbygget korkje utelukkar eller gjer det vanskeleg for ei framtidig utnytting av eigedommen til naboen, heiter det i konklusjonen til fylkesmannen.

I denne saka føreligg det difor særlege grunnar for å gi dispensasjon frå avstandsreglane.